

BRØRNE LØVEHJARTE



**DET
NORSKE
TEATRET**



Det er nesten som i eit eventyr,
– og litt spøkelsesaktig.
Men det er sant, alt saman...



BRØRNE LØVEHJARTE

AV **ASTRID LINDGREN**

DRAMATISERT AV **SVEIN STURLA HUNGNES**

TIL NYNORSK VED **MARIA TRYTI VENNERØD**

Kavring **EMIL JOHNSEN**

Jonatan **ODDGEIR THUNE**

Sigrid, mor deira **UNN VIBEKE HOL**

Eldre dame **HILDE OLAUSSON**

Journalisten **HEIDI RUUD ELLINGSEN**

Lærarinna **INGEBORG SUNDREHAGEN RAUSTØL**

Sofia / Syarske **HEIDI GJERMUNDSEN BROCH**

Mattias **JON BLEIKLIE DEVIK**

Jossi / Prest / Tengilsmann **ESPEN LØVÅS**

Hubert / Pjuka **SIGVE BØE**

Elfrida **BRITT LANGLIE**

Kader **NIKLAS GUNDERSEN**

Veder **ESPEN BRÅTEN KRISTOFFERSEN**

Dodik **MARIUS NÆSS**

Orvar / Antonias mann **THOMAS BIPIN OLSEN**

Tengil / Portvakt **KADIR TALABANI**

Tengilsmenn, landsbybebuarar m.m. **ENSEMBLET**

Regissør **SVEIN STURLA HUNGNES**

Koreograf **ANDRÉ DANIELSEN**

Scenograf **EVEN BØRSUM**

Kostymedesignar **UNNI WALSTAD**

Komponist **EIRIK MYHR**

Lysdesignar **OLA BRÅTEN**

Lyddesignar **VIBEKE BLYDT-HANSEN**

Projeksjonsdesignar **REIDAR RICHARDSSEN**

Dramaturg **INGRID WEME NILSEN**

Inspisient **ERLEND STAMNES**

Sufflør **SISSEL LILLO-STENBERG**

Maskør og parykkmakar **TONJE REKSTEN**

Rekvisitør **FINN KIRKEBY**

Kostymekoordinator **TORHILD JENSEN**


Scenemeister **DANIEL RØNNING**

Lysmeister **VIBEKE ANISDAL MYHRE**

PREMIERE 3. OKTOBER 2014 PÅ HOVUDSCENEN

Forlag: Nordiska ApS

Bruk emneknagg **#detnorsketeatret** og **#brørneløvehjarte**
for å dele dine opplevingar hos oss på instagram eller twitter.



Studiosusikarar

1. fiolin **ANDERS NILSSON**

2. fiolin **BJARNE MAGNUS JENSEN**

Bratsj **IDA BRYHN**

Cello **AUDUN SANDVIK**

Kontrabass **MARIUS FLATBY**

Tangentar, perkusjon og programmering **EIRIK MYHR**

Vokal **BENEDIKTE KRUSE**

Foto: ERIK BERG


I redaksjonen: SVEIN STURLA HUNGNES, INGRID WEME NILSEN,


ÅSNE DAHL TORP OG IDA MICHAELSEN


Grafisk formgjeving: MAKING WAVES

Trykk: PRINT HOUSE

FØLG OSS

 :detnorsketeatret

 :@detnorsketeatre

 :#detnorsketeatret

KAVRING

Korleis kan du vere så glad i meg, Jonatan?
Eg som berre er ein stygg og dum og redd liten
fyr med skeive bein.

JONATAN

Var du ikkje ein så kjekk og stygg liten bleikfis
med skeive bein, så var du jo ikkje Kavringen min.





KAVRING

Er det kjempefint å ligge
nede i jorda og vere død?

JONATAN

Ikkje tull, det er berre skalet ditt
som ligg att der. Sjølv flyr du av
garde til ein heilt annan stad.

LÆRARINNA

Kjære Jonatan, sjølv om du ikkje kjem i historiebøkene,
var du likevel modig nok i den avgjerande augeblinken.
Du var ein helt så god som nokon.







HÄR HVILA
BRÖDERNA
NILS BERNSTRÖM

★ 24/7 1881 – † 10/12 1882

BERTIL BERNSTRÖM

★ 9/4 1884 – † 1/11 1886.

TROTJÄNARINNAN

MARIA NILSSON

★ 4/11 1852 – † 20/1 1935

HISTORIA OM KAVRING OG JONATAN

Historia om Kavring og Jonatan Løvehjarte veks gradvis fram i løpet av åra rundt 1970. I Astrids indre bit for bit pusla saman heilt til ho veit at det skal handle om to brør og døden.

Ho tenkjer på korleis vesle Jan Ohlsson, som spelar Emil i filmene, kraup inn i storebrørens trygge famn. Ho minnest dei spede brørne Phaléns gravkross på Vimmerby kyrkjegard. Og på Norra kyrkjegard i Stockholm, der ektemannen Sture er gravlagd, finn ho gravsteinen over Nils og Bertil Bernström.

I familien har ein samtidig blitt mint om døden. Samuel August (far til Astrid, red. merkn.) døydde i 1969, og året før omkom Astrids nevø Åke i ei motorsykkelulykke.

Under ei togreise langs Fryken ein nyttårsmorgon i 1971, med rosa lys over sjøen, får Astrid «ein visjon av manneættas daggry, og da kjende eg at eg vart tend». Ho innser at historia om brørne ikkje skal utspele seg i denne verda.

Det blir ei spennande forteljing om godt og vondt, om liv og død og om to monster som øydelegg kvarandre. Omtrent slik som Astrid såg på nazismen og bolsjevismen under andre verdskrig. Da ho tok til å skrive boka, visste ho ikkje korleis ho skulle ende. Og slutten, der den sjuke Kavring hoppar mot ein sikker død, opprører mange vaksne – på vegner av barna. Barna, derimot, takkar henne ofte for den håpefulle slutten.

Utdrag frå Jacob Forsell, Johan Erséus og Margareta Strømstedt: *Astrids bilder*

N.W. DAMM & SØN A.S., 2007

Til nynorsk ved Arne Torp




KAVRING

Eg kjenner at tida er inne...

Eg kjem, Jonatan!





KAVRING

Ja, eg kjenner meg heilt frisk.

Og eg er glad i heile meg, så kvifor skal eg vere pen.

Det er akkurat som det ler i heile kroppen min.

VI MØTEST I NANGIJALA

Det er eitt spørsmål vi aldri kjem til å få vite svaret på så lenge vi lever, og det er kva som skjer med oss når vi døyr. Kroppen hamnar i jorda, men kva med tankane og kjenslene? Går dei i oppløysing saman med kroppen, eller blir dei verande att, svevande rundt oss som framleis lever? Eller drar dei til ein heilt annan stad, til tida med leirbål og eventyr – til Nangijala?

Brørne Løvehjarte er Astrid Lindgrens eventyr om kva som skjer når vi døyr. Ho har brukt fantasien og laga ei forteljing om to brør, Kavring og Jonatan, som døyr medan dei framleis er barn. «At noko så fælt er lov,» tenkjer du kanskje da. «Det skulle ikkje vore lov å døy når ein berre er eit lite barn!» Og det tenkte Astrid Lindgren også. Ho hadde vore ute og gått seg ein tur på ein kyrkjegard, og der såg ho grava til to små brør som hadde døydd. Det syntest ho var så forferdeleg at ho bestemte seg for å skrive eit spennande eventyr som kunne trøyste alle som sjølve skal døy, eller som kjenner nokon som skal døy eller har døydd. Og så skreiv ho *Brørne Løvehjarte*.


I boka fortel Jonatan veslebror sin, Kavring, om Nangijala, den vakre dalen ein kjem til etter at ein er død. Der er det grønt og frodig, ein kan ri på hestar og fiske i elva og springe berrføtt i graset heile dagen om ein vil, same kor sjuk ein har vore før. Når Kavring kjem til Nangijala, får han sjå at det Jonatan fortalde, var sant. Men han oppdagar òg at ikkje alt er som det skal vere i Nangijala. Det finst mørke krefter i dalen. Verst av alle er Katla, ein eldsprutande drake som blir styrt av den vonde Tengil. Menneska i Nangijala prøver å kjempe mot Tengil og tilhengjarane hans, men det er ikkje så lett, for det finst ein svikar mellom dei. Derfor må dei vere veldig forsiktige og bruke brevdUER når dei skal snakke saman.

Når vi har laga denne framsyninga har vi prøvd å gjere det same som Astrid Lindgren gjorde da ho skreiv boka: å bruke fantasien. Derfor er det ikkje slik at draken ser ut som ein vanleg drake eller at duene er ekte duer. Men duene og draken er med likevel, akkurat som alt det andre frå boka. Og viss du bruker fantasien, så kjem du til å sjå det, alt saman.











JONATAN

Vi lever i leirbåla og eventyras tid.
Det er ei gammal tid for oss, men vi kan
også kalle det ei ung tid. Ei ung og frisk og
god tid som det er lett og enkelt å leve i.
I alle fall her i Kirsebærdalen.



KAVRING

«Duedronninga». Det høyrest fint ut.
Var det ei av hennar duer som lånte bort den
kvite fjørdrakta si den gongen du kom til meg?



JONATAN

Her i Kirsebærdalen er alt gratis.

Vi gir kvarandre og hjelper, etter som det trengst.

JONATAN

Sofia leier den hemmelege kampen vår mot Tengil.
Vi slåst mot han, ser du, for å hjelpe Villrosedalen.
Og vi må gjere det i hemmelegheit.





HUBERT

Kva gjer du her oppe?

KAVRING

Kva gjer du sjølv her oppe?

HUBERT

Skyt ulvar, ser du vel.



KADER

Og gløym ikkje passordet dersom du skulle komme til Villrosedalen. For du vil vel sleppe levande inn?

JOSSI

«All makt til Tengel, vår frigjerar»!

JOSSI

Det passordet hugsar eg dag og natt.

KADER OG VEDER

Hysj!!



OM BARN OG DØDEN

Inga anna bok har vore så elska og så mye brukt til ymse formål som *Brørne Løvehjarte* (...). Kavring veit at han skal døy, og hans forteljing blir ei trøysteforteljing som han først går inn i for å klare å leve vidare og deretter for å våge å døy. På same vis har forteljinga blitt ei trøysteforteljing for lesande barn som sjølve er alvorleg sjuke og veit at dei skal døy. I eit TV-program i 1987 fortalde Astrid Lindgren om alle dei breva ho hadde fått om *Brørne Løvehjarte*, mellom anna frå legar som behandla dødssjuke barn. Ein kvinneleg tysk lege fortel om kor oppgjevne barn blir når dei skal døy. Foreldre vågar ikkje fortelje dei at dei skal døy. Dei trøystar og glattar over, seier at alt skal nok bli bra. Men eit barn som er dødssjukt, veit at det skal døy, og ei bok som *Brørne Løvehjarte* kan da bli ei trøystebok når alt er vanskeleg. Å lese den saman med det dødssjuke barnet inneber å følgje barnet inn i mørkret utan å sleppe handa til barnet. Det spelar inga rolle om forteljinga berre går føre seg i fantasien til den sjuke Kavring, det viktige er at forteljinga fungerer som trøyst, at ho blir ei bru – bygd av forteljinga – mellom livet og døden. Mørkret i dødsskuggens dal blir raskt borte (...). «Jonatan, eg ser lyset!» ropar Kavring på den siste sida. Det finst vaksne som er blitt skremde av *Brørne Løvehjarte* og som har oppfatta dødshoppet i slutten som ei oppmoding til sjølv mord. I eit intervju i Expressen har Astrid Lindgren fortalt dette:




– Ein dag var eg på Ericastiftelsen, og der var det mykje snakk om barn og døden. Det var ein ung psykolog der som sa at han aldri ville klare å lese sluttsetningane i *Brørne Løvehjarte* for eit barn, fordi det var så grufullt å tenkje på at brørne måtte døy to gonger. Da sa eg: «Du forstår det, at di fleire gonger du døyr, di meir venner du deg til det». Men han kunne ikkje finne noka trøyst i dette. Da eg kom heim etter dette møtet, ringde jenta som spelar vesle Ida på Katthult i *Emil*-filmene, og ho sa: – Eg har nett lese *Brørne Løvehjarte*, og takk for at du laga ein så lykkeleg slutt. Slik kan barn oppleve det.

Utdrag frå Margareta Strömstedt: Astrid Lindgren – *En livsskildring*

N.W. DAMM & SØN A.S., 2001,2002

Til nynorsk ved Arne Torp



VEDER

Vi rir rundt i dalen her om kveldane for å kontrollere at folk lystrar og gjer slik Tengil har bestemt.

KADER

For fleire sjansar får du ikkje, om vi finn deg der du ikkje skal vere.



KAVRING

Hjelp meg! Redd meg! Sei at du er farfaren min!





KAVRING

Er du aldri redd, Mattias?

MATTIAS

Jo, visst er eg redd, men nokre
gonger må vi ikkje vise at vi er det.



JONATAN

Det finst ting som må gjerast, sjølv om det er farleg. Elles er ein ikkje eit menneske lenger, berre ein liten lort.

PJUKE


Lytt til Villrosedalens frigjerar!
Tengil av Karmanjaka har kome ned til dykk
frå Dei Urgamle Urfjellas Fjell.

I den gyldne farkosten sin har han kome over
Dei Eldgamle Urtidselvanes Elv for å komme
med ei kunnngjering,

De arbeider for lite, og de hjelper fiendane til Tengil.
Dessutan er ikkje Løvehjarte funnen enno, og vår
nådige fyrste er svært lite nøgd med det.

Tolmodet til vår nådige fyrste er i ferd med å ta slutt!

Og han kjem til å straffe Villrosedalen hardt
og skånsellaust!





MATTIAS

Du må krype gjennom den underjordiske gangen.
Jonatan vil vere på den andre sida og vente på deg.

KAVRING

Er det sikkert at han er der?
Noko kan jo hende han i siste augeblink.

MATTIAS

Ingenting er sikkert i ei verd der Tengil er.
Men skulle det gå riktig gale får du krabbe
tilbake og bu her hos meg.

Farvel, guten min. Gløym ikkje farfaren din.

KAVRING


Nei, aldri, aldri skal eg gløyme deg.



KAVRING

Nei, nei, det gjer ikkje noko at det er bekmørkt...
nei, du blir ikkje kvelt... ja, det renn litt vatn ned
i nakken på deg, men det betyr ikkje at heile gangen
held på å rase saman, din tosk!





ELFRIDA

Katla er eit fabeldyr som budde i Katlahola.
Ein ho-drake, som steig opp frå urtida,
like forferdeleg som Tengil sjølv.
Ingen visste at ho fanst, men ein
morgon vakna ho.

ORVAR


Du er den einaste Katla lystrar,
og som kan føre henne tilbake til hola.

Gjer du det, og lenkar henne der,
skal eg gjere resten når tida er inne.

JONATAN

Ja, det gjer eg gjerne for Villrosedalen, Orvar.



A theatrical scene set against a dark background. A man with curly hair, wearing a blue hooded tunic and brown pants, sits on a dark rectangular ledge. He looks upwards with a thoughtful expression. Above him, large, draped pieces of reddish-brown fabric hang from the ceiling. In the foreground, another man lies on his back on the floor, wearing a blue tunic, a brown belt, and green pants. He is looking up at the man on the ledge. The lighting is dramatic, highlighting the characters against the dark background.

KAVRING

Stakkar Mattias viss det er fullt av eventyr der, som aldri skulle vore til.

JONATAN

Kavring Løvehjarte, er du redd?

KAVRING

Nei... jo, eg er redd!

Men eg gjer det likevel, Jonatan, eg gjer det no...

No, og så blir eg aldri redd meir.


Aldri meir redd...

Å, Nangilima!









MAKING WAVES 



DETNORSKE



OBOS

www.detnorskeatret.no
BILLETTLUKA: 22 42 43 44